

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 05.02.2018
Vår ref.: 2018/7308-2
Saksbehandlar: karklep2
Dykkar ref.:

Program for lokalsamfunnsutvikling 2008. Inndraging av tilskott på inntil kr 150.000,- til prosjekt «Meland/Kårbø kai». Tilsegn FU18 PL

Hordaland fylkeskommune har i e-post 3. januar 2018 bedt om orientering av status i prosjektet og varsla om eventuell inndraging av tilsegna. I telefonsamtale i dag der Meland kommune ved landbrukssjef Laila Bjørge orientert vår sakshandsamar Kari P. Kleppe om at tvist om eigarskap til kai mellom Meland kommune og privat grunneigar gjekk til Høgsterett der kommunen vart tilkjent eigarskap til kai, men ikkje til sjøområda rundt kai. Kommunen vil difor ikkje realisera prosjektet med å oppgradere Kårbø kai og anbefaler inndraging av tilskott.

På bakgrunn av desse opplysningane trekker no fylkeskommunen tilbake denne tilsenga.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller på epost til regional@hfk.no
Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Arthur Kristian Arnesen
fungerande næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
MELAND KOMMUNE ved Laila Bjørge, landbrukssjef

